

# FORELDREINFO AUGUST 2024



## FAU/SU

Etter ny opplæringslov skal SU og SMU

(samarbeidsutval og skulemiljøutval) bli slått saman og heite SU. Dette etter lokal forskrift i Bjerkreim kommune vedteken av kommunestyret.

FAU manglar framleis leiar, det vil bli val av dette på første FAU møte i september. Om du har lyst å ta på deg vervet så kan du senda ein e-post til rektor.

## 10.kl. avslutningsfest

Sett av dato 18.juni 2025 allereie no!

Les om klagerett og korleis du går fram i skulemiljøsaker her:

**NULLMOBBING**

NO

## Trafikksikker skule

Bjerkreim kommune er trafikksikker kommune, og Vikeså skule er trafikksikker skule. Vi har publisert ein rettleiar på heimesidene som har gode skulevegråd til føresette og elevar. De finn denne [her](#).



## Skulefrukt



Etter vedtak i kommunestyret får alle elevar no tilbod om gratis frukt kvar dag på skulen. Me har tenkt mykje på dette med matsvinn og funne ei løysing der elevar i valgfag på ungdomstrinnet vil prøva å laga andre produkt av overskotsfrukta som ev. blir igjen, og selga dette i elevbedrift. Spanande å sjå korleis dette kan fungera!

## Fotografering

Etter avgjerd i møte i samarbeidsorgana i fjor er det i år berre 1.-, 7. og 10.trinn som skal ha skulefotografering. Det blir då heller ikkje skulekatalog dette året.

Dato for foto vil bli opplyst om på lekseplanane til trinna når dette er klart.

Velkomne til nytt skuleår til nye og etablerte elevar og føresette!

Vi har hatt ein flott oppstart av skuleåret med godlyd i klasseromma og mykje fin leik ute. I tillegg har ordføraren vore og opna det nyoppussa skulebiblioteket på barneskulen. Ta dykk gjerne ein kikk i vindauga på ettermiddagstid eller sving innom når de er på foreldremøte. Her er det lagt til rette for leseglede!

Som alltid opmuntrar skulen dykk til å ta kontakt om de har tilbakemeldingar eller spørsmål til oss, det er mykje å setja seg inn i ved oppstart! Ønsker dykk eit godt år i lag med oss på Vikeså.

Mvh

Svanhild Gjedrem

rektor